

Eigarskifte på populær camping i Uskedalen.

25.01.2020



Tove og Magne Heggøy helsar campinggjester, turistar, tilreisande og fastbuande velkomne til Rabben Feriesenter.

Det er skriven avtale om eigarskifte på Rabben Feriesenter, ein populær camping som no vert driven vidare i tredje generasjon. Tove Myklebust Heggøy er ny eigar. Mannen hennar, Magne Heggøy, er direktør og dagleg leiar. Ekteparet har lenge vore engasjerte i drifta i Uskedalen. No har dei planar om fornying og utvikling av plassen.

Historikken er interessann. Besteforeldra til Tove, Solveig og Sverre Myklebust, etablerte camping i Uskedalen tidleg på 1970 talet. Dei starta med nokre få torvtakshytter. Det auka på og talet vart 12 hytter. Nokre av dei ligg langs elva og er intakte den dag i dag. I tilegg var det sanitærbygg og resepsjon. Campingplassen i Uskedalen var ein NAF camping med maks antal stjerner.

I 1979 skriv Kvinnheringen dette om plassen: *Rabben Camping i Uskedalen hadde 17 utleigehytter i 1979. Plasen er open heile året. Sverre og Solveig Myklebust driv campingplassen og fortalte om godt besøk. Det kunne gjerne vore 17 hytter til.*



Bubileplassen skal få ein betre infrastruktur med drenering, små vegar og meir tilgang på straum ([Arkivfoto](#)).

Neste steg er då sonen deira, Steinar, overtek i 1985. Det kjem fleire hytter til og sjølv byggjer han leileghet på plassen. Ove og Mange byggjer seg hytte her på 1990 talet. Dei brukar mest all si fritid på plassen og hjelper til i den daglege drifta.

Så er tida komen. Avtalen er underskriven og Tove og Magne er klar for vidare drift av den populære ferieplassen i Uskedalen. I dag kan eigarane syna til eit godt og stabilt kundegrunnlag med mange faste gjester som kjem att kvar sommar og i alle feriar. På plassen i dag finn vi 3 store, 4 mellomstore og 7 små hytter. Det er om lag 30 faste installasjonar, det som i dag vert kalla isolert, i tillegg til sanitærbygg, resepsjon og kiosk.

Det vert straks sett i gang utbetringar på plassen. Haugland Maskin er engasjert i å forbetra oppstillingsplassen for bilar med betre infrastruktur med drenering, vegar og meir tilgang på straum. Det neste er å pynta opp i strandsona med mur og meir strand. Grillplassen vert ny og det vert auka utleigearreal. Alt dette er innafor og ein del av vedteken reguleringsplan.

Tove og Mange er godt nøgde med samarbeidet med Båtlaget om gjensidig bruk av fasilitetar. Sommarhjelpa med Hanna Tvilde og Amalie Hovden Rød gjer ein framifrå jobb. Jentene jobbar sjølvstendig og utfører vertsskapsrollen på ein prima måte.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/ Tove Myklebust Heggøy